






# ÅRSMELDING

AGDER OG TELEMARK BISPEDØMMERÅD

# 2010



# 1. Situasjonen i bispedømmet

## 1.1 Tilstandsrapport, ei generell vurdering av situasjonen i bispedømmet.



Årsmeldinga for Agder og Telemark bispedømme er ein felles årsrapport for Agder og Telemark biskop og Agder og Telemark bispedømmeråd. Den bygger på innspel frå prostane og andre medarbeidarar, samt statistikkdata om den kyrkjelege verksemda i bispedømmet.

Meldingar frå arbeidet i bispedømmet vitnar om ei kyrkje som er sterkt forankra i lokalsamfunnet og som gjev verdifulle impulsar til dette. Det kjem ikkje minst til syne i samarbeidet mellom kyrkje og kulturliv.

Vi har ikkje statistikk som underbyggjer, men signal frå prestane tyder på at den gamle kjernekyrkjelyden vert veikare først og fremst fordi mange av dei gamle, trufaste kyrkjegjengarane døyr bort. Samstundes er kyrkjelydane prega av godt arbeid, som gjennom trufast virke, nye reformer og nye arbeidsformer trekkjer nye grupper inn i kyrkja sine aktivitetar.

Mange prester melder at det er stort søkjing til dei kyrkjelege handlingane i kyrkjelydane, oppslutnaden om desse står framleist sterkt. Talet på konfirmantar sett i høve til medlemstal for aktuelle årskull er høgt, og i fleire av dei mindre sokna ligg det på 100%. Oppslutnaden om dåpen synes også å vera stor. Oppslutninga om gravferder er i mange høve svært stor. Den tenestegjerande presten har ved slike høve ein stor og lydhør kyrkjelyd. Vi meiner det er dekkjande å seie at det er ved gravferdene presten har sin viktigaste preikestol i lokalmiljøet. Vi opplever også stor etterspurnad og entusiasme om diakonale tiltak i kyrkjelydane. Den nye diakoniplanen har lagt til rette for eit slikt engasjement.

Trosopplæringsreforma er ei vitamininnsprøyting. Det er starta mange gode aktivitetar for barn og unge og et stort aldersspenn nås med kyrkja sitt tilbod. Arbeidet med trosopplæringa begynner nå å påverke gudstenestelivet. Som ein verknad av reforma er det større frammøte på enkeltgudstenester. Der det er oppretta gudstenesteutval, er tendensen den same. Der det vert planlagt godt, og vert satsa meir rundt gudstenesta, vert fleire involvert og fleire møter fram. Tradisjonelle, vanlege gudstenester har derimot ein tendens til ikkje å trekke så mange folk.

Det har vært mye frustrasjon i oppstartsfasen når løyvingane skal verte fordelte i prostia i samband med gjennomføringsfasen. Dette heng saman med at kyrkjelydar som tidlegare hadde trosopplæringsprosjekt, nå må trappe ned og medarbeidarar må seiest opp. Vidare er oppgåvefordelinga og mynde mellom sokneråda,

fellesråda prostane og bispedømmeråda ikkje godt nok avklart. Tårnagentane og Lys våken er gode døme på at trosopplæringsreforma bidar til økt aktivitet og engasjement i kyrkjelydane.

Sokna er rimeleg bra dekkja med presteteneste, men nokre stader er det tungt å få gudstenesteprogrammet dekt. Det er tyngre å rekruttere prestar enn for nokre få år sidan, både til vikariat og til faste stillingar, sjølv om talet på søkjarar til stillingar var betre på slutten av året.

Det har vært naudsynt med kutt i prestestillinar av økonomiske grunnar. Dette skapte negative reaksjonar både i presteskapet og fordi kyrkjelydar måtte kutte i talet på gudstenester. For å bøte på dette ser biskopen behov for at kyrkja må ta opp att arbeidet med å utvikle eigne ikkje-ordinerte personar til supplerande gudstenesteleiarar. Det vert lagt opp til å gjennomføre kurs for assisterande gudstenesteleiarar i 2011.

Bispedømmet har høg gjennomsnittalder i presteskapet og mange har ønskt ei seniortilpassa teneste, gjerne kombinert med delvis AFP. Fordi ressursane er små og det er lange avstandar mellom tenestestadane er det både kostbart å upraktisk å etablere vikarordningar for å løyse desse behova.

Kyrkjevalet har nokre etterdønningar. I nokre kyrkjelydar var det vanskeleg å få nok kandidatar. Lekkasjen har også vært betydelig undervegs. Fleire sokneråd har brukt opp vararepresentantane sine eller er på underskott. Etter valet i 2009 vart det gjennomført kurs for nye sokneråd i 2 omgangar. Fyrste kurs var om soknerådet sine oppgåver og ansvar, mens neste del var om strategiarbeid og planlegging. Frå mange prosti kom det gode tilbakemeldingar frå desse kursa. Mange kyrkjelydar i bispedømmet er opptekne av menighetsutvikling, og vi har hatt fem prestar på kurs om dette temaet i 2010.

I den mest konservative/lågkyrkjelege delen av bispedømmet vert det nå meldt om eit tydeligare skilje mellom kyrkje og bedehus. På enkelte bedehus vert det etablert særskilte forsamlingar. Eit resultat av dette er behovet for eigna lokale for kyrkjelydane sine aktivitetar utanom gudstenestene. Mange av kyrkjene i bispedømmet er frå 1880-talet, og det er vanskeleg å få godkjent ombyggingar og påbygg for desse formåla. Dermed vert ein tvinga til å reise eigne bygg som kyrkjelydane sjølv må finansiere. Dette er fasilitetar som normalt ville vert bygd i samband med nye kyrkjebygg. Når nå desse fasilitetane ikkje vert realisert som ein del av sjølv kyrkjebygget, meiner kommunane at dette ikkje er eit kommunalt ansvar. Dette bidrar til tunge økonomiske løft for kyrkjelydane og midlar som elles kunne vært nytta til arbeid i kyrkjelyden går nå med til å betale renter og avdrag.

Biskopen var fram til oktober 2010 preses for Bispemøtet. Arbeidspresset ved å ivareta to funksjonar var betydeleg. Ein er no nøgd med at det blir oppretta eit 12. bispedømme med hovudansvar for presesfunksjonen.

Hausten 2010 hadde bispedømmet vitjing av biskop Tomas Nyiwe frå vår venskapskyrkje, Den evangelisk lutherske kyrkja i Kamerun (EELC). Bispedømmet har sidan 2003 hatt ei venskapsavtale med Syd-vest regionen i EELC. Gjennom venskapsavtala ynskjer vi å formidle tru og liv til kvarandre, og på den måten inspirere til å fullføre Kristi oppdrag. Biskopen Nyiwe deltok på gudstenester og andre samlingar i bispedømmet og var med under dei årlege stiftsdagane for kyrkjeleg tilsette. Gjennom si forkynning informerte biskopen om den lutherske kyrkja sitt arbeid i Kamerun, og han både utforda og inspirerte tilhøyrarane på ein slik måte at vi lett kunne sjå nytten av eit gjensidig venskapsamarbeid mellom dei to kyrkjene våre.

# Kyrkjeleg sektor

Hovudmål 1.

*”Den norske kirke skal være en landsdekkende, lokalt forankret kirke, som inviterer mennesker i alle aldre og livssituasjoner til tro og fellesskap. Kirken skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbare menneskeverdet og utfordre til solidaritet. Bevilgningene under kapitlet skal understøtte Kirkemøtets mål for Den norske kirke som en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke. Til dette hører blant annet at kirkens gudstjenesteliv skal fornyes etter de mål som Kirkemøtet og Kirkerådet fastsetter.”*

## 1.2 Utviklinga i kyrkjestatistikken.

*Styringsparameter for Hovudmål 1 er Oppslutninga om Den norske kyrkja knytt til tal frå mellom anna kyrkjestatistikken.*

I tabellen nedanfor er tatt inn kyrkjestatistikken for dei siste åra.

Nøkkeltall kyrkjestatistikken 2006-2009				
År	2006	2007	2008	2009
Medlemmer i Den norske kirke	344272	335359	335182	334038
Tilhørige i Den norske kirke	14219	11494	11957	12366
Sum, medlemmer og tilhørige, Den norske kirke	358491	346853	347139	346404
Innmeldt	156	162	141	259
Utmeldt	881	962	846	1103
Dåpshandlinger	3909	4006	3899	3884
Fødte (fra SSB)	5031	5014	5163	5268
Prosentandel Andel døypte av fødte	77,7	79,9	75,5	73,7
Vigsler (ekteskapsinngåelser med forbønn)	1051	1116	1195	1157
Gravferder	3816	3879	3907	3865
Konfirmerte (deltatt i forbønnshandlingen)	4241	4232	3975	4029
Konfirmerte i % av medlemmer på 15 år	84,2	85,8	91,6	92,3
Gudstjenester, søn- og helligdager <sup>1)</sup>	5947	5878	5873	5806
Deltakere, gudstjenester søn- og helligdager <sup>1)</sup>	631703	616970	613984	607754
Deltakere i snitt, s/h	106,2	105,0	104,5	104,7
Gudstjenester, utenom søn- og helligdager	1566	1496	1445	1394
Deltakere, gudstjenester utenom søn- og helligdager	144664	142953	124332	121724
Deltakere i snitt, utanom s/h	92	96	86	87
Sum gudstjenestedeltakere	776367	759923	738316	729478
Sum gudstjenester	7513	7374	7318	7200
Deltakere i snitt (sum)	103	103	101	101
Gudstjenester med nattverd	2846	2866	2890	2934
Nattverdsdeltakere, gudstjenester med nattverd	143192	151250	144011	148476
Nattverdgjester i snitt	50	53	50	51

<sup>1)</sup> Korrigerede tall i 2009 grunna feiregistrering.


Grunna tekniske problem var ikkje kyrkjestatistikken for 2010 komplett når årsmeldinga vart skriven. Ein-skilde meldingar frå prostane er innarbeid i kommentarane nedanfor.

Hovudtrenden er små endringar frå år til år, men mange av tala visar ein svak tilbakegang over tid. Medlemstal viser ein stabil situasjon frå 2007 til 2009. Endringa frå 2006 til 2007 har samanhang med ei teknisk omlegging av medlemsregisteret frå 2006 til 2007. Auka i talet på utmeldingar i 2009 må sjåast i samanhang med kyrkjevalet og utsending av valkort til alle registrerte medlemmer. Førebels medlemstal for 2010 viser òg tilbakegang og understrekar teorien om at utsending av valkort til alle medlemmer i samband med kyrkjevalet i 2009, har ført ei opprydding i medlemsregisteret og til ei noko større utmelding frå kyrkja.

Sjølv om talet på døypte held seg på om lag 3900, viser prosentdelen i forhold til nyfødde ein fallande tendens. Det er gledeleg å sjå at prosentdelen av konfirmanter i forhold til medlemmer på 15 år er aukande. Vi

meiner dette har samanheng med at trosopplærings-reforma har gjeve eit kvalitetsmessig betre konfirmant-tilbod fleire stader.

**Deltakere gudstjenester**



Diagrammet over gudstenestedeltaking viser at gudstenestebesøket dei siste åra ha gått noko tilbake. Dette fell saman med resultata i KIFO-Notat 2/2010, Tilstandsrapport for Den norske kyrkja 2010. Her går det fram at gudstenestebesøket i Agder og Telemark bispedømme gjekk tilbake med 4 % frå 2008 til 2009 og at talet på gudstjenester vart redusert med 2,8 %. Dette heng saman med at 3 sokn har rapportert feil tal for 2009. (Tal vart rapporterte i feil rubrikk og ei gudsteneste med nær 5000 deltakarar vart utegløynd.) I tabellen på førre side er dei korrekte tala lagt inn. Dei korrigererte tala viser ei tilbakegang på om lag 1 % frå 2008 til 2009.

Endringa i tabellen på side 4 frå 2005 til 2006 har samanheng med endra definisjon på type gudsteneste frå forordna gudstjenester til hovudgudstjeneste. Hovudintrykket er likevel at det kyrkjelege liv i bispedømmet er prega av eit stabilt gudstenestebesøk på i snitt rundt 105 deltakarar pr gudsteneste. Bispedømmet vårt er prega av mange sokn med få medlemmer pr sokn, men med store variasjonar. I gjennomsnitt er det ca 2350 medlemmer pr sokn i 2009. På landsbasis er gjennomsnittleg tal på medlemmer pr sokn, nær 3000. Sjølv om deltakarar pr gudsteneste i gjennomsnitt ikkje er mykje høgare enn landsgjennomsnittet, er gudstenestebesøket sett i forhold til medlemsmassen vel 30% høgare enn landsgjennomsnittet.

Dei vanlege høgmessene har kanskje ei tilbakegang og alderen på deltakarane er nok ofte over 55 år, men fleire prostar melder om auke i gudstenestebesøket i 2010, særleg for familiegudstjenester.

Domprosten melder til dømes: "På familiegudsteneste er talet for 2010, 225 deltakarar og det er ein stor auke frå 178 i 2009 og 165 i 2008. Det som slår meg er det store talet på frivillige som deltar ved gudstjenestene. De er kyrkjevertar tekstilesarar klokkarar nattverdmedhjelparar og vertskap for kyrkjekaffe. Ved familiegudstjenester har dei fleire andre roller".

For Skien prosti og Bamble prosti har vi tal for 2010 frå alle sokna. Her viser talet for deltakarar pr gudsteneste på helge- og høgtidsdagar slik utvikling frå 2009 til 2010: Bamble frå 92,0 til 92,2 og for Skien prosti frå 83,9 til 85,5. Ingen sokn i desse prostia hadde feilregistrering i 2009.

I KIFO-notatet er nattverdbesøket i bispedømmet i snitt rekna til 48 pr gudsteneste med nattverd på helge- og høgtidsdagar. I tabellen på side 4 er bispedømmet sitt tal 51. Dette er eit tal berekna frå alle gudstjenester med nattverd. I Agder og Telemark er det mange store stevne og festivalar. Dette kan være årsaka til at snitt-talet basert på alle gudstjenester med nattverd, ligg høgare.

## 1.3 Strategiar og utfordringar

Bispedømmerådet har vedteke ein strategi for perioden 2010 – 2012, med desse hovudpunkta:

*”VISJON – Nær troens kilder – nær dagens mennesker.*

### **KJERNEVERDIER:**

*NÆRVÆR: Være til stede der folk er – geografisk, kulturelt, behovsmessig.*

*SAMSPILL: Være sammen om å løse oppdraget. Ingen skal stå alene. Vi vil stille opp for hverandre.*

*TROVERDIGHET: Være troverdige i vår nestekjærighet og vårt gudsforhold.*

*FORVALTNING: Ta på alvor vårt forvalteransvar av alle de gaver vi er gitt.*

### **SATSINGSOMRÅDER**

*I perioden 2010 til 2012 har bispedømmerådet vedtatt at hovedfokus i arbeidet vårt skal være: medarbeiderskap, trosopplæring og gudstjenesteutvikling.”*

At kyrkja i Agder og Telemark er tilstades i hytteområde og på turiststader, ikkje minst i dei store høgtidene, er eit døme på korleis kyrkja er nær folket. Vidare samarbeider kyrkja med arrangørane av fleire store festivalar.

Felles stabsutviklingstiltak, felles kompetanseutviklingstiltak og samarbeid mellom prostar og kyrkjevevjer, er døme på samspel, medan prosjektet opne kyrkjer, diakonal satsing på mange områder og kyrkja sitt arbeid med integrering og inkludering er døme på korleis kyrkja er truverdig.

Bispedømmet sitt fokus på forbruk, rettferd og miljø kan trekkjast fram som døme på medviten forvalting. Alle desse områda er nærare omtala seinare i årsrapporten, som òg viser at alle tre satsingsområda har hatt stort fokus i 2010.

## 1.4 Bispedømmerådet sitt arbeid.

Frå 2010 er det valt nytt bispedømmeråd. Det nye bispedømmerådet har no 10 medlemmer. Av dei 7 leke representantane vart 3 valt ved direkte val og 4 ved indirekte val. Jan Olav Olsen er valt til leiar. Bispedømmerådet har handsama vel 100 saker. Utanom økonomi- og strategisaker har bispedømmerådet handsama fleire høringssaker, mellom anna om gudstenestereforma og om endringar i kyrkjelova og gravferdslova. Bispedømmerådet har òg handsama sak om lokalisering av prostesete i Aust-Telemark prosti, prosjekt om livsfasepolitikk og ei sak om samanslåing av sokn. Vi registrerer ei auke i ankesaker etter gravferdslova. Saker om førebuing av kyrkjevalet i 2011 er òg vorten handsama i bispedømmerådet. Bispedømmerådet har hatt fellesmøte med ungdomsrådet og med prostane.

## 1.5 Gudstenestereforma i bispedømmet.

Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet har vedteke å gjennomføre ei gudstenestereform. Denne skal mellom anna gje større rom for fleksibilitet og valfrie løysingar i kyrkjelydane, meir involvering frå fleire deltakar og sterkare lokal forankring av gudstenestelivet.

Bispedømmerådet har engasjert sokneprest Tom Martin Berntsen i 50% stilling i tre år som prosjektleiar for gudstenestereforma. Prosjektet starta hausten 2008 og vi kan nå sjå at dette arbeidet har gjeve ei god utvikling i liturgiarbeid og for gudstenestelivet i bispedømmet.

2010 var året for å førebu implementering av reforma som etter planen skal opp på Kyrkjemøtet i april 2011. I dette ligg:

- arbeidet med eit kompetansehevande kurs,
- forsøk på å lage ein modell for gudstenestearbeid blant konfirmantane,
- strategiar for å få dei ulike reformene til å vera delar av ein naudsam heilskap.

Kurset for prestar og kyrkjemusikarar blei til då Kyrkjerådet i 2008 forsøkte å lage ein modell for implementering av den nye liturgien. Saman med Presteforeningen vart det utvikla eit kurs for prestar og

kyrkjemusikarar som vart kalla "Mellom Alter og Orgel." Sidan dette kurset ikkje vart noko av, laga vi saman med Menighetsfakultetet eit tilsvarende kurs i bispedømmet vårt. Ein prest frå kvart prosti finansiert gjennom REU, og 9 kyrkjemusikarar, tok del i dette kurset som var eit poenggejvande kurs med eit dagsseminar og to tredagars seminar.

Med det kurset som vart avslutta i november 2010, har bispedømmet fått laga kreative, kyrkjebyggjande kursopplegg:

- Fleire modellar for prostibaserte kursopplegg for tilsette og frivilljuge
- Opplagg for bruk av kor i gudstenesteimplementering
- Metodikk for å undervisa om gudsteneste i gudstenesta
- Forsøk på å lage eigen liturgi for eit prosti
- Gudstenestegrupper som ressurs for å utarbeide liturgien
- Bruk av grupper i arbeide med forbøna
- Bøn som berande kraft for alle reformene.

Prestane og kyrkjemusikarane tok del i kurset med tanke på eiga kompetanseheving, men òg for å vera disponible for implementering av gudstenestereforma i eige prosti. Styrken i kurset var nettopp dette å tenke ut frå sitt lokale miljø.



*Fra liturgikurs  
i Bamble*

I 2010 har liturgimedarbeidarane gjennomført ulike tiltak for å hjelpe til med innføringa av den nye liturgien.

Det er òg gjort forsøk med ein konfirmantmodell for gudstenestelæring. Det er eit udiskutabelt faktum at den ungdomsgruppa kyrkja har størst kontaktflate til, er konfirmantane. Derfor er det naudsamst å rette fokus på deira gudstenesteoppleving.

Kateket Erling Hillesund i Landvik og Eide starta hausten 2010 ei prøveprosjekt saman med bispedømmet, som heiter "5 skritt". Her prøver vi å lage ein modell for å øve inn dei 5 delane som den nye liturgien kallar ORDO og kor vi spelar på fleire sansar. "5 skritt" er fem fysiske skritt i kyrkja:

1. Starten på gudstenesta: korsa seg ved døypefonten og seia: "Høyrer Herren til"
2. Sette seg ved lese-pulten; høyre Ordet og seie "Høyrer Herrens Ord"
3. Gå til lysgloben, tenna lys, be; "Herre, høyr vår bøn"
4. Knele ved alterring. Undervisa om nattverden. "Gå til Herrens bord"
5. Gå ut av kyrkja og gjer godt! "Gå i fred, ten Herren med glede"

### **1.5.1 Assisterande gudstenesteleiarar.**

I Agder og Telemark bispedømme har det vore ein tradisjon at lekfolk har forretta gudsteneste for å halde oppe tale på gudstenester når om det av ymse grunner ikkje har vore prest til ferieavvikling, frisundagar, sjukdom o.s.b. Det var i 2010 naudsamst å kartlegge det faktiske forhold; kor mange slike gudstenesteleiarar var i sving og kva var det reelle behovet. Ut frå dette veks det fram ei ny ordning kalla "Assisterande gudstenesteleiarar"

I kraft av § 10 i tenesteordninga gjev biskopen i Agder og Telemark opning for å gje fullmakt til skikka lekfolk å forretta gudstenester med dåp og nattverd. Fullmaktene skal være behovsprøva og tidsavgrensa og fastsette i nært samarbeid med prost og den lokale prest. Saman med prostane er det no valt ut 19 menn og kvinner til kurs i februar 2011.

Assisterande gudstenesteleiarar er ikkje det same som det som i gudstenestereforma vert kalla medliturg, som er vaksne, unge eller barn som gjer teneste i gudstenesta som tekstlesar, ministrant, nattverdudelar osv. Assisterande gudstenesteleiar er det som i Almene førsegner om gudstenesta heiter: *liturg som er annan enn presten*

### 1.5.2 Opne kyrkjer i Agder og Telemark

Notatet "Opne kyrkjer i Agder og Telemark" er sprunge fram frå arbeidet med gudstenestereforma i bispedømet. Mål for dette notatet som både bispedømeråd og biskop står bak, er å:

*Skape ei rørsele for å opne kyrkjene i Agder og Telemark for å styrkje bønrelivet i våre sokn..*

Vidare heiter det i grunngevinga: Den norske Kyrkja skal være "Open og inkluderande". Ei fysisk open kyrkje kan være eit supplerande bidrag til å realisera slagordet. Ei open folkekyrkje betyr i Agder og Telemark ei rørsele for å opne kyrkjene for deira primære oppgåve: Ein stad for bøn og møte med den heilage Gud. Bispedømmets sin visjon kan gjennom "Opne kyrkjer" vere eit synleg uttrykk for bae desse dimensjonane. Innspelet om Opne kyrkjer fekk god mottaking i eit fellesmøte mellom prostar og kyrkjevevjer. Det enkelte sokneråd er no utfordra på å setje tanken ut i praksis.

## 1.6 Kyrkjeleg demokrati

Resultatmål 2.1.

*"Målet for demokratireformen er at kirkens organer skal få en sterkere demokratisk legitimitet og forankring blant kirkemedlemmene."*

For å oppnå målsettinga "kirkens organer skal få en sterkere .....forankring" har Agder og Telemark bispedøme i 2010 gjennomført eit kursopplegg for sokneråda som hadde eit sterkt tverrfagleg sikte. Vi trur det er naudsamt å halde fram heilskapen i det kyrkjelege arbeid for å gje ei god forankring. Kurset vi arbeide ut heiter "Et håndtrykk til menighetene i Agder og Telemark bispedømme."

Hovudsaka i kurset som vart kjørt i alle prosti, med 95 % oppslutnad frå sokneråda, var å halde alle reformene og fagområda i kyrkja saman slik handa har fem fingre. Tommel-fingern var diakoni, peikefingern misjon, langfingern gudsteneste, ringfingern trosopplæring og lillefingern integrering. Slik alle fingrane trengs til eit grep, slik skal dei ulike fagområda og forskjellige medarbeidarane spele saman i kyrkjelydsarbeidet.




Soknerådskurs  
i Froland



Deltakarane på soknerådskursa gav gode tilbakemeldingar, slik mellom anna utdrag frå evalueringsrapporten nedanfor viser:

## 12. Totalinntrykk av kurset



Bispedømmerrådet har valt nytt valråd for kyrkjevalet i 2011. Røynslene frå førre val viste at kyrkjevevjerene også hadde viktige oppgåver knytt til bispedømmerrådsvalet. Det er difor valt inn to kyrkjevevjerer i valrådet for 2011. Dei har no starta arbeidet med å førebu nominasjonsprosessen og med å finne gode løysingar for presentasjon av valkandidatane. Bispedømmet har ein prosjektleiar for demokratireforma i 50% stilling.

## 1.7 Trosopplæring

Ein har mange gode idéar for å presantere trosopplæringa. Her ein variant frå Mandal.



### Resultatmål 2.2

”Trosopplæringsreformen skal videreføres i samsvar med de retningslinjer og forutsetninger som er lagt til grunn i St.meld. nr. 7(2002–2003) Trosopplæring i ei ny tid, jf. Innst.S.nr. 200 (2002–2003). Målet er et systematisk og sammenhengende tilbud om trosopplæring for alle dømte fram til fylte 18 år. Tilbudet skal være lokalt forankret, tilpasset ulike alderstrinn og tilrettelagt slik at det når ut til bredden av alle dømte.

Styringsparametere: ”Utbredelse av trosopplæringsreformen i menighetene. Omfanget av trosopplæringstilbudet i menighetene. Oppslutningen om trosopplæringstilbudet i menighetene”

### 1.7.1 Generell omtale av trosopplæringsarbeidet

Tabellen på neste side gjev nokre nøkkeltal for trosopplæringa i bispedømmet.

Resultatindikatorer Prostier	Andel menigheter som er tilført trosopplæringsmidler av totalt antall sokn	Gjennomsnittlig antall timer trosopplæringsstilbud i menigheter som er tilført midler i 2009	Gjennomsnittlig deltakerandel (av dømte barn og unge) ved et (representativt) utvalg av trosopplæringsstilbudene i menighetene
Domprostiet	25 %	188	42 %
Mandal	100 %	196	73 %
Lister	18 %	66	41 %
Otredal	0 %	0	0 %
Vest-Nedenes	22 %	99	52 %
Arendal <sup>1)</sup>			
Aust-Nedenes	100 %	203	56 %
Bamble	18 %	251	76 %
Skien	7 %	150	48 %
Aust-Telemark	18 %	148	46 %
Vest-Telemark	0 %	0	0
Agder og Telemark bispedømme	25 %	181	48 % <sup>2)</sup>

<sup>1)</sup> Prostiprojekt, fase, ikke aktuelt for tabellen

<sup>2)</sup> Deltakergjennomsnittet er ut ifra "resultatindikatorene": utvalgte tiltak blant dei som starta gjennomføringsfasen i 2008 og 2009 Tallet er regnet ut ifra totalt antall barn i kyrkjelydane og totalt antall som var til stades.

Tabellen syner store forskjellar mellom prostia. Sett i høve til talet på prosti i bispedømet ligg vi langt etter landsgjennomsnittet i tildeling til sokna. I løpet av 2010 har Skien prosti fått trosopplæringsmidlar og i 2011 har Kristiansand domprostiet og Aust-Telemark prosti fått løyvingar.

Det synes å være eit stort engasjement og ei positiv innstilling til denne reforma. Mange har høyrte om reforma og veit at nokre kyrkjelydar er i gang. Trass i dette viser deg seg å være eit stort informasjonsbehov. Det er liten kunnskap om mange av prinsippa og arbeidsmåtane i reforma. Særskild mange spørsmål er det kring organiseringa og kven som bestemmer kva. Det hadde vore tenleg med ei klårare rollefordeling.

Det er mykje vilje til å få dette til. Men evna til å kome i gang er svært forskjellig frå plass til plass. I mindre sokn har det vist seg vanskeleg å kome raskt i gang. Små sokn med liten stab og inga tradisjon med undervisningspersonell treng lang tid på å utvikle og gjennomføre ei fornya trosopplæring. Tett oppfølging frå bispedømekontoret har vore naudsynt fleire plassar.

Ei av utfordringane er å få kyrkjestaben til å jobbe saman om reforma. Dei som starta med gjennomføringsfasen i 2008 og 2009, har i snitt ein oppmøteprosent på 48%. Det er eit bra resultat. Dei har i snitt 181 timar å tilby aldersgruppa 0-18 år. Dette er også gode tal så tidleg i prosessen. Alt i alt er det eit bredt engasjement kring trusopplæringsreforma og det er stor lokal kreativitet.

### 1.7.2 Dei sokna som ikkje har fått tildelt nye midlar

Mange av sokna har starta med givarteneste i påvente av at dei skal få nye midlar. Mange av desse har ein trong økonomi, men dei har stort mot og vilje til å få til noko nytt. Dei fleste har starta nokre nye tiltak dei siste åra og alle veit at dei må starta prosessen nå. Agder og Telemark bispedømekontor har kome med tilbod om "plankurs for trosopplæringa" for dei som ikkje formelt er med i reforma enno. Det har vore god oppslutnad om desse kursa. Hausten 2010 var det 5 slike kurs. På kvar av samlingane var det 4-8 sokn som deltok.

## 1.8 Organisasjonsutvikling – lokalt forsøks og utviklingsarbeid

### Resultatmål 2.4

*”Det skal legges til rette for lokalt forsøks- og utviklingsarbeid, bl.a. gjennom økt samarbeid på tvers av menighets- og kommunegrenser, slik at kirkens organisering og forvaltning er funksjonell, kostnadseffektiv og brukerorientert. Tilsvarende mål gjelder for Kirkerådets og bispedømmerådenes egen organisasjon og forvaltning.”*

*Styringsparametere: ”Omfanget av forsøksvirksomheten/etablerte samarbeidsordninger. Effekten av forsøk/samarbeid på tvers av fellesrådsgrenser”*

Eit særtrekk ved Agder og Telemark bispedømme er at det er mange små sokn. I samband med ei utgreiing av soknestrukturen straks etter tusenårsskiftet vedtok bispedømmerådet at ein likevel ikkje ville tvinge fram endringar i den kyrkjelege inndelinga, med mindre det var lokal vilje til samanslåing. Det har etter kvart vist seg at ressursane i dei minste sokna er for små til å ta i vare alle oppgåvene som no kjem, mellom anna i samband med dei kyrkjelege reformene. Små sokn har òg problem med å finne kandidatlar til soknerådval. Somme stader har ein difor hatt forsøk med felles sokneråd, og nokre av desse er slått saman frå 01.01.2010. Dette gjeld Farsund og Spind, Froland og Mykland, Mandal og Harkmark, og Sauherad og Nes sokn.

Ein stad har ein gått den andre vegen: Helle sokn i Kragerø kommune vart skilt ut frå Sannidal sokn frå 01.01.2010. Sokna Holla og Helgen i Nome kommune, Hovind sokn og Austbygdi sokn, samt Atrå sokn og Mel sokn i Tinn kommune, er no med prøveordning med felles sokneråd.

Som førebuing til kyrkjevalet i 2011 har fleire sokn varsla saker om samanslåing. Dette gjeld også sokn som ikkje har teke del i prøveprosjekt med felles sokn. Bispedømmerådet har òg fått saker om grensereguleringar.

Med hjelp av FOU-midlar tildelt av KA har fellesrådsområda i Aust-Telemark prosti sett i gang eit prosjekt for å vurdere ulike samarbeidsmodellar. Prosjektet har hatt eigen tilsett prosjektkoordinator. I kvart av dei 6 fellesrådsområda har det vore halde eit informasjon- og drøftingsmøte for tilsette og fellesrådsmedlemmer. Det vart i tillegg halde eit møte med tillitsvalte. Det er for tidleg i prosessen å kunne melde om resultat frå prosjektet.

Tabellen nedafor viser oversikt over aktuelle forsøk i bispedømmet.

	Andel fellesråd som deltar i forsøk/har etablert samarbeids-ordninger	Antall menigheter som deltar i forsøk med samenslåtte menighetsråd
Domprostiet		
Mandal		
Lister		
Otredal		
Vest-Nedenes		
Arendal		
Aust-Nedenes		
Bamble		
Skien		
Aust-Telemark	6	6
Vest-Telemark		
Agder og Telemark bispedømme	6	6

Utanom samarbeidet i Aust-Telemark prosti er det få samarbeidsprosjekt over fellesrådsgrenser. I Vest-Telemark prosti og i Otredal prosti har vi ordning med prostidiakonar som er ei type samarbeidsprosjekt som fungerer godt. Gjennomføringa av trosopplæringsreforma fører òg til at fellesråd går saman for i det heile tatt å få ein viss storleik på stillingane som trosopplærarar.

Bispedømmerådet har fått meldingar frå nokre fellesråd om at oppgåvene kan verte for store for einskilde kyrkjevevjar. Vi ser òg at enkelte kyrkjevevjar har blitt skifta ut den seinare tida. Vi trur difor det er eit tydeleg behov for skolering og kompetanseutvikling blant kyrkjevevjene.

## 1.9 Andre område

### 1.9.1 Diakoni

Diakoni er det området som er vevd inn og skal vere vevd inn i alt kyrkjeleg arbeid. Diakoni er evangeliet i handling, den er kyrkjelyden sitt varemerke og kvalitetsstempel. Kyrkjemøtet har vedteke plan for diakoni og samstundes streka under at diakoni skal være eit av satsingsområda i kyrkja.

I bispedømmet er det til saman 37 medarbeidarar i deltid- eller heile stillingar som diakonar eller diakoniarbeidarar. Dette utgjer til saman 27,25 årsverk, det vil si gjennomsnittleg stillingsstørrelse på om lag 70%. Aust-Nedenes prosti er det einaste prostiet som ikkje har diakon og her ville det vore ynskjeleg å få oppretta ei stilling som prostidiakon.

Tabellen nedafor viser fordelinga av stillingar i dei enkelte prostia og korleis dei er finansierte.

Diakonistillinger		Andel finansiering		
Prosti	Antall årsverk	Felleråd	Menighetsråd	Stat
Domprostiet	5,0	11 %	66 %	23 %
Mandal	2,0	100 %		
Lister	3,5	35 %	30 %	45 %
Otredal	0,7	43 %	43 %	12,50 %
Vest Nedenes	2,2	50 %	50 %	
Arendal	1,0		50 %	50 %
Aust Nedenes	0,0	0	0	0
Bamble	2,6	13 %	54 %	33 %
Skien	5,2	59 %	33 %	6 %
Aust Telemark	3,3	50 %	25 %	25 %
Vest Telemark	1,8	50 %	33 %	17 %
ATB	27,3	40 %	38 %	22 %

Skien felleråd har ikkje statstilskot på nokon av sine diakonistillinger. I Skien prosti er det bare ei av stillingane i Porsgrunn som har det. Det er eit sagn at ein så stor by som Skien ikkje har statsfinansiert diakonistilling. Vest Nedenes og Mandal prosti har heller ikkje statstilskot til diakonistillinger. Dei to prostia er også store i areal og har folkerike kommunar.

Vi ser at det vert gjort eit stort arbeid med finansiering av mange av desse stillingane. Det vert arbeidd med kommunar for å få løyvingar, og ikkje minst innsamlingar i kyrkjelydane. Mange kyrkjelydar som finansierer diakonistillinger med innsamla midlar, slit med å få budsjetta i land.

Dei siste 5 åra er det oppretta få nye diakonistillinger. Satsing på trosopplæring i kyrkjelydane er nok ei av grunnane. Dei nye stillingane som er oppretta, til dømes i Landvik, er meir knytt opp til ungdomsdiakoni enn tidligare år. Det er naudsamme med større statlege løyvingar til diakonistillinger, både for å sikre eksisterande stillingar, og for å bidra til nye stillingar i områder det ikkje i dag er diakonar.

Kurs for nye sokneråd 2010, var særleg knytt til diakoni. I den omtala modellen nytta vi eit bilete av ei hand med fem fingrar der diakoni var tommelen. I kursa nytta me høve til å peike på den viktige rollen tommelen har for oss i vårt daglege arbeid. På lik linje er det diakonale perspektiv naudsynt i alt arbeid i kyrkjelyden, innfor alle sektorar. Kva er ei gudsteneste utan det diakonale perspektiv? Det vart også laga eit bibelstudieopplegg som kunne nyttast i soknerådsmøte. Her var óg det diakonale perspektiv og dei diakonale tekstane sentrale.

Det å få oversyn over diakonalt arbeid som gjerast i kyrkjelydane er viktig. I møte med kommunar og andre aktuelle bidragsytarar til nye stillingar, saknas konkrete måltal på det diakonale arbeidet som vert gjort i kyrkjelydane, ikkje berre av dei tilsette diakonane.

I KIFO-notat 2/2010 går det fram at Agder og Telemark bispedøme har over 2500 frivillige innafor diakonalt arbeid. Dette er det høgaste i landet og talet strekar under den opplevinga vi har om eit stort frivillig engasjement i kyrkjelydane våre, mellom anna innafor diakonifeltet.

Dei siste åra har spørsmåla i kyrkjelydens årstatistikk som omhandla §9 i kyrkjelova om den karitative diakonien i kyrkjelyden, vært få og utklare. Dette er blitt betre i årstatistikken for 2010. Vi vonar årstatistikken kan verte utvikla vidare til å kunne gje eit betre bilete av kyrkjelydens diakonale arbeid i relasjon til diakoniplanen.

Spørsmål som bør være med i framtida er: Er det etablert diakoniutval, er det laga eller revidert diakoniplan, talet på soknebud, arbeid for utsett ungdom?. Er kyrkjelyden Grøn kyrkjelyd eller godkjent miljøfyrtårn?

Familievernkontoret i Øvre Telemark har blitt medlem i den nye stiftinga Kirkens familievern. Dei andre tre Familievernkontora har vald å stå utanfor som sjølvstendige stiftingar.

### 1.9.2 Integrering / Tilrettelagde tiltak for menneske med utviklingshemming.



Satsinga på tilrettelagde tiltak for menneske med utviklingshemming held fram i Agder og Telemark bispedømme. I 2010 vart det starta opp eitt nytt slikt tiltak; ALF-klubben i Gjerstad – ein tilrettelagd klubb for barn og unge i Gjerstad og Vegårshei. Det er no 16 tilrettelagde tiltak med samlingar kvar månad eller oftare. I tillegg kjem tilrettelagd konfirmantgruppe, samarbeidsforum, integreringsutval, leirarbeid og meir sporadiske arrangement. Dei aller fleste tiltaka er samarbeid mellom fleire kyrkjelydar eller heile prosti, to av dei er i regi av Normisjon. 19 sokn har vertskapsfunksjon for tilrettelagde tiltak, medan ytterlegare 30 sokn kan reknast som meir eller mindre nære samarbeidspartnarar.

Med unntak av prostia Aust- og Vest-Telemark er det tilrettelagde tiltak i alle prosti i bispedømmet. Det bør leggjast til at det i dei fleste sokn i Aust- og Vest-

Telemark også er god kontakt mellom utviklingshemma og tilsette i kyrkja.

For både å inspirere til igangsetting av nye tiltak, samt å hjelpe dei som allereie er i gang, samarbeider kulturrådgjevar og integreringsrådgjevar om ei 12-siders brosjyre om moglegheiter og tilskotsordningar. Brosjyra vart ferdig i 2010 og sendt ut rett over nyttår i 2011.

Saman med misjonskonsulenten utarbeida integreringsrådgjevar ei brosjyre om misjon for og med alle, med ni konkrete eksempel på humanitære misjonstiltak retta mot menneske med ulike funksjonshemmingar. Dei omtala prosjekta har alle ein eller annan tilknytning til bispedømmet og straks etter utsendinga gjekk Vegårshei menighet og det tilrettelagde SIMEN-treffet der saman om eit prosjekt.

Det nasjonale prosjektet "Deltakelse og tilhørighet" har fått stort rom i bispedømmet. Heftet med innlagd DVD vart delt ut til alle sokneråda på soknerådskursa vårhalvåret 2010, der integrering av menneske med særskilde behov var eit av dei fem hovudfokusområda. Prostane delte ut heftet til prestane, diakonirådgevar til diakonane og integreringsrådgjevar til alle kommunane. I tillegg hadde integreringsrådgjevar og diakonirådgevar møte med fylkesmannsetatane i alle dei tre fylka. Dei følgde opp med utdeling av boka "Utviklingshemning og tros- og livssynsutøvelse" til alle kommunane, og har invitert integreringsrådgjevar på konferansar våren 2011 for vidare utvikling av samarbeidet for å få på plass gode rutinar for trusutøvelse for menneske som er under offentleg omsorg. Bispedømmerådet har kjøpt inn og delt ut boka til prostane.

Bispedømmerådet støtta gjennom OVF-tilskot og arbeidstimar frå integreringsrådgjevar, utgjevinga av CD-en "Livet er nå", basert på den funksjonshemma kvinna Hanne Mathiassen sine dikt. I 2010 vart utgjevinga følgd opp med både skulesamarbeid og konsertar fleire stader i bispedømmet. Både som ei kulturoppleving og som handlingsskapande verksemd reknas dette som viktig.

### 1.9.3 Ungdomsarbeid

Grunna vakanse og sjukemelding har bispedømmet i 2010 berre hatt ein halv stilling som ungdomsrådgjevar i snitt. KonfCamp blei gjennomført som normalt – og evalueringa frå brukarane tyder på at arrangementet aldri har vært betre. Roadservice-turneen har vært avvikla som planlagt, og utfordringane knytt til fråvær av prosjektleiar vart løyst. Ungdomstinget blei dessverre avlyst og aktiviteten i ungdomsrådet har vært lågare enn normalt.

Det vert jobba med å utmeisle framtida til KonfCamp og Roadservice. Prosjekta er vellykka og brukast av mange kyrkjelydar, og ei vidareføring er einaste alternativ for bispedømmerådet.

Det har og vært lite kapasitet til å halde kontakt med ungdomsarbeidarar i kyrkjelydane. Ei ringerunde viser at svært mange sokn i bispedømmet har egne ungdomsarbeidarar. Dette er ei yrkesgruppe som arbeider med eit av kyrkja sine satsingsområder. Samstundes er mange av desse tilsett i prosentstillingar og har til dels uklare tilsetningstilhøve. Rådgeving inn mot desse medarbeidarane vil være eit prioritert område i 2011.

### 1.9.4 Misjon

”Samarbeidsrådet for menighet og misjon” (SMM) har 3 satsingsområde. Det er misjons-avtaler, misjon i trosopplæringa og misjon i gudstenestelivet. Ein opplever at dei fleste kyrkjelydar har misjonsavtale, noko som oversikten nedanfor viser. Den visar òg at i Skien prosti må det jobbast meir med å få kyrkjelydane til å inngå misjonsavtaler.

Utfordringa er å få misjonsavtalane til å ”prega” kyrkjelydane slik at dei kan bli til ein positiv drivkraft til fornying av kyrkjelydane. Det er dei samarbeidande organisasjonane som har eit hovudansvar i så måte, men misjonsrådgjevaren si oppgåve er å sjå til at det skjer. Her må organisasjonane vera mye tettare på oppfølging av den einskilte kyrkjelyden.

Eit nytt tiltak i 2010 var ein studiedag om misjon for prestane i Aust-Telemark prosti, knytt opp mot SMM og organisasjonane. Dagen hadde to tema: ”Hvordan går evangeliet fram i verden i dag?” og ”Krisestemning eller optimisme - Hva preger norsk misjon i dag?” 15 prestar frå prostiet var til stades òg på evalueringa svarer dei aller fleste at dei opplever studiedagen som relevant for prestetenesta.

Tabellen nedafor viser at av dei 139 sokna i bispedømmet har nær 90 % misjonsavtaler

Misjonsavtaler i bispedømmet			
Prosti	Talet på sokn	Talet på avtaler	Avtaler pr sokn
Domprostiet	12	15	125,0
Mandal	15	14	93,3
Lister	16	16	100,0
Otredal	10	8	80,0
Vest-Nedenes	9	8	88,9
Arendal	9	7	77,8
Aust-Nedenes	9	8	89,0
Bamble	12	10	83,3
Skien	14	9	64,3
Aust-Telemark	16	14	87,5
Vest-Telemark	17	16	94,1
Agder og Telemark bispedømme	139	125	89,4

På landsbasis er talet på avtaler pr sokn, 72,1. Agder og Telemark bispedømme ligg nest høgst av bispedømme i talet på misjonsavtaler pr. sokn.

## Internasjonal kyrkjelyd

Bispedømerådet er med i eit samarbeidsprosjekt mellom Den norske kyrkja sine kyrkjelydar i Kristiansand, Det norske misjonsselskap, og Kristent kulturelt arbeid (KIA). Namnet på kyrkjelyden er Kristiansand Internasjonale Church (KIC). KIC skal vera open, diakonal og misjonerande innanfor ramma av den norske kyrkje. KIC starta opp i 2009 og har i dag om lag 40 deltakarar. Førebels er den ikkje registrert som ein eigen kyrkjelyd men er ein del av Domkyrkjas kyrkjelyd. KIC har prest i 50 % stilling. KIC er førebels eit 3 års prosjekt som går ut 2012.

## KIA

Bispedømet er ein medlemsorganisasjon innan Kristent kulturelt arbeid (KIA). KIA har avdelingar i Kristiansand og Skien. Det fins også nokre lokale avdelingar i bispedømet. Oppgåva til KIA er m.a. å leggja til rette for at lokale kyrkjelydar kan inkludera ”nye nordmenn” i sine fellesskap på ein naturleg måte slik at mangfald kan blomstre og vera ein ressurs. Her har vi nok eit godt stykke å gå ennå. Vi opplever at dei lokale Mange kyrkjelydar makter i liten grad å inkludere ”nye landsmenn” i sine fellesskap.

### **1.9.5 Ressursgruppa ”Miljø – Forbruk – Rettferd”**

I bispedømet er det ei ressursgruppe som har jobba med ”Miljø, forbruk og rettferd” i fleire år. I 2010 kom det inn nye medlemmar i gruppa, deriblant KN sin regionale representant, ein prost, ein kyrkjevevjer og ein som har arbeidet innanfor GRID systemet i Arendal med tilsvarande problemstillingar. Gruppa arbeidar nå med ein handlingsplan som fylgjer dei målsetningar som Kyrkjemøtet i 2007 meisla ut som satsingsområdar for bispedøma. Målet er å leggja denne frem for godkjenning til bispedømerådet sitt møte i juni 2011.

Bispedømmekontoret har i fleire år vore miljøfyrtårn. Til saman 7 kyrkjelydar er no miljøsertifiserte. I tillegg er det 5 grøne kyrkjelydar i bispedømmet og 2 fellesråd er miljøfyrtårn. Som oppfølging av arbeidet med handlingsplanen vil vi arbeide for at fleire kyrkjelydar og fellesråd blir miljøsertifiserte eller grøne kyrkjelydar.

Kirkens Nødhjelp arrangerte klimaseminar i Arendal som oppfølging av Klimaseilasen i 2009. Det var eit flott program med mange viktige tema. Dessverre var det få representantar både frå Den norske kyrkja og frå politiske miljø.

Vi registrerer også laber interesse for klimaspørsmål, forbruk og rettferd blant ungdom i bispedømmet. Å skape eit større engasjement i kyrkjelydane for forbruk rettferd og miljø, vil vi taka tak i, i samband med arbeidet med handlingsplanen.

### **1.9.6 Kultursatsing i kyrkja.**



*Gaute Heivoll og  
Salmeklang i Finsland  
kyrkje 15.oktober.*

Kulturrådgevar byrja i nyoppretta stilling i august 2009, og sidan førre rapportering i januar 2010, har aktiviteten auka. Det heng saman med at stillinga no er betre kjent i så vel bispedømet som i offentleg sektor. Kulturrapport 2010 er sendt Kulturdepartementet og Kyrkjerådet, og han viser til ei rekkje førespurnader om rådgeving innan finansiering, om tiltak innan visuell kunst, litteratur, scenekunst, musikk, ungdom og

integrering, besøk i sokn og i offentleg sektor, samt koordinering av ulike tiltak.

Finansiering av aktivitetar/arrangement: Sokn, samt aktørar innan Den norske kyrkja fekk til saman vel ein million kroner i kulturmidlar etter råd og hjelp frå kulturrådgevar.

Den største tildelinga var på kr 200 000 frå Institusjonen Fritt Ord, til Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter i Seljord til eit større litterært verk om salmediktaren M.B. Landstad. Dansegruppa 4God frå Flekkerøya fekk til saman 78000 kroner frå Frifond og frå Barne, unge – og familiedirektoratet si tilskotsordning til ungdom: Aktiv Ungdom. Praktboka om Fjære kyrkje blei lansert 21. august i Fjære kyrkje, og vel 200 000 kroner frå fylker og kommune låg til grunn for utgjevinga. Andre institusjonar som gav tilsegn til kulturaktivitetar i bispedømet var: Musikk-utstysordningen, Norsk forfattarsentrums fond, Kulturminneforeninga, Norsk Folkeakademi, bankar, fylke og kommunar.

Koordinering av tiltak nokre døme:

Forfattar Gaute Heivoll og bandet Salmeklang sin konsert i Finsland kyrkje 15. oktober blei ein stor suksess. Heivoll las frå sin kjende roman: *Før jeg brenner ned*, og 320 billetter blei selt. Musikk og kantor Marianne Sødal Misje gjennomførte ein populær salmekveldturne i bispedømet der 9 sokn, mellom anna Lyngdal, Bykle og Bø, fekk besøk. Tiltaket blei støtta av Opplysningsvesenets fond. Faglitterær forfattar Eva Dønne blei engasjert til opplesing ved flerkulturell fest i Kristiansand International Church, og tiltaket mottok integreringstilskot frå Vest-Agder Fylkeskommune.

Kompetanseheevande tiltak:

I samarbeid med undervisningsrådgevar og diakonirådgevar arrangerte kulturrådgevar seminar om Den kulturelle skulesekken (DKS) og Den kulturelle spaserstokken (DKSS) i Søm kyrkje og i Skien. Foredragshaldarar var rådgevar i IKO, Kristin Gunleiksrud (DKS) og einingsleiar Leif Emanuelsen i Kristiansand kommune (DKSS). 75 deltakarar frå Den norske kyrkja og offentleg sektor deltok. Fleire produksjonar i både DKS og DKSS har blitt realisert etter seminaret.

Kyrkjemusikalsk konsulent og kulturrådgevar har førebudd eit seminar om rekruttering til kyrkjemusikaryrket som blir arrangert 10.-13. mars 2011. Det blir foredrag ved Henning Sommerro og scenekunsthørestellingar av kjende kunstnarar og musikarar. Målgruppa er kyrkja sine tilsette, tilsette i kulturskular og ved høgskule – og universitet, samt foreldre, barn og unge.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

To produksjonar i kyrkjeleg regi fekk tilsegn av kommunar via departementet for gjennomføring skuleåret 2011/2012. *Pilegrim*. Om temaet pilegrim som vandring for grunnskulens elevar i Vinje kommune. Besøk i kyrkjene. Kunst – og kultur langs med vegen. Ansvarleg: prostidiakon Eilev Erikstein. Økonomisk ansvarleg: Vinje kommune. *Guds Gjøgler*. Scenekunsthørestelling med skodespelar Liv Marie Skaare Baden i Lund kyrkje for heile 4. klassetrinnet (600 elevar) i Kristiansand kommune. Økonomisk ansvarleg: Kristiansand kommune.

Den kulturelle spaserstokken (DKSS).

To produksjonar i kyrkjeleg regi fekk tilsegn av kommunar gjennom søknader til departementet for gjennomføring i 2011. *De fire årstider*. Musikk og lyrikk med organist Gunnar Ajer og forfattar Oddmund Inge Haugen. Eit samarbeid mellom Drangedal kyrkjelege fellesråd og Drangedal kommune. *Sanger og Salmer*. Samtale og songterapi for demente på institusjonar. Eit samarbeid mellom musikk og kantor Marianne Sødal Misje, diakonirådgevar i ATBR, Erling Th. Jakobsen og Kristiansand kommune.

Integrering.

Integreringskonsulent og kulturrådgevar har og samarbeidd med Kyrkjerådet om ein nasjonal konferanse om integrering: *Kunst og Kultur for alle – integrering, tilrettelegging og skapende arbeid for menneske med utviklingshemning*. Konferansen er i regi av Kyrkjerådet og vil finne stad i Kristiansand i 2011.

Brosjyre om funksjonshemming og kultur er omtala i kapittel 2.7.2.

Minoritetar:

Kulturrådgevar har vore engasjert i rådgeving om tilskotsordningar til Kristent Interkulturelt arbeid (KIA)



sine avdelingar i Kristiansand og i Skien, samt til Kristiansand International Church. Saman med misjon-  
srådgjevar Svein Arve Egeland har kulturrådgjevar hatt fleire diaologmøter med desse om aktivitetar og  
samhandling med offentleg sektor og Den norske kyrkja.

#### Samarbeid

Kulturrådgjevar har tett samarbeid med dei andre rådgjevarane ved Agder og Telemark bispedømekontor,  
og har i tillegg lagt vekt på å etablere ei solid plattform for systemarbeid innan så vel Den norske kyrkja som  
offentleg sektor. Kulturrådgjevar har difor vore invitert til kontakt, dialog- og samarbeidsmøter i sokn, fylke,  
kommunar, kunst – og kulturinstitusjonar og privat næringsliv. Instansar som har vore invitert av kultur-  
rådgjevar er til dømes De internasjonale kirkefestspillene, Norsk Forfattersentrum Sørlandet, Kristiansand  
symfoniorkester, Kristiansand kommune, og Cultiva.

#### Mål for 2011

Førespurnader frå sokn og frå aktørar innan ulike kulturtiltak er aukande, og utfordringa vil vere å fortsatt  
kunne gi alle ei god rådgjeving i tråd med KM 7/05 *Kunsten å vere kyrkje* og Kyrkjemøtet sine vedtak som  
høyrer med til meldinga.

Det vidare arbeidet med spisskompetansen som bispedømet har tatt på seg, nemleg: Ungdom og integrering  
må styrkast. Den nasjonale konferansen om integrering i 2.-3. november vil gi eit godt utgangspunkt for  
vidare samhandling lokalt, regionalt og nasjonalt, men og innan feltet ungdom vil kulturrådgjevar leggje  
vekt på informasjonsmøter om tilskotsordningar. For å sikre produksjonar innan DKS og DKSS i åra fram-  
over, der Den norske kyrkja er involvert, må ein arbeide målretta med å halde vissa om kulturarven levande  
og styrke samhandling mellom Den norske kyrkja og kunstnarar, musikarar, forfattarar og scenekunstnarar.

## 2. Prestetenesta

Hovudmål 2.

*”Bevilgningene til prestetjenesten har som mål at alle menigheter i Den norske kirke skal ha fast geistlig betjening, slik at tjenesten er nær-værende i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal være betjent av en eller flere prester. Prestenes oppgave er å holde gudstjenester, forrette ved kirkelige handlinger, delta i dåps- og konfirmasjonsopplæring, utøve sjelesorg, forestå syke- og hjemmebesøk, og eller utføre forkynnende og menighetsbyggende arbeid..”*

*Styringsparameter Prestedekning”*

Tabellen nedanfor viser døme på prestedekninga i dei ulike prostia i bispedømme.

	Antall kirkemedlemmer pr prest)	Antall prestestillinger pr sokn)	Antall kirkelige handlinger (gravferder og vigslar) samt gudstjenester på søn- og hel- ligdager pr prestestilling. 1)
Domprostiet	2 830	1,63	74,9
Mandal	3461	0,63	109,9
Lister	2281	0,75	86,3
Otredal	2186	0,70	67,9
Vest-Nedenes	3046	0,96	92,3
Arendal	2651	1,44	73,0
Aust-Nedenes	1761	0,89	81,5
Bamble	2639	0,71	87,2
Skien	2611	1,76	77,9
Aust-Telemark	1992	0,91	73,0
Vest-Telemark	1250	0,53	73,2
Agder og Telemark bispedømme	2477	0,96	80,3
Landet	2950	1,01	72,8

<sup>1)</sup> Tal frå 2009

Kyrkjedepartementet har i samband med tildeling av stillingar for 2011 lagt til grunn parameteren medlem pr prest. Vi meiner at parameteren medlemstal per prest aleine ikkje kan nyttast som grunnlag for fordeling av prestestillingar. Forhold som talet på sokn og talet på kyrkjer og ikkje minst aktivitet i form av gudstjenester og kyrkjelege handlingar verkar inn på prestanes arbeidssituasjon vel så mye som talet på medlemmer. Tabellen over viser det.



Besøk på aldersheim under visitas i Fjære

Tala for kyrkjelege handlingar og gudstenester pr prest viser at Mandal prosti og til dels Vest-Nedenes prosti ligg høgt. Her må ein gjere noko med forordningane for å få eit betre samsvar mellom aktivitet og ressursar. I samband med aktivitet pr prest må ein og trekke inn at prosti som Lister, Otredal, Vest-Telemark og Aust-Telemark har lange avstandar som krev mykje reisetid ved kyrkjelege handlingar. Tek ein det med i samanlikninga, ser det ut til at også Lister har høg aktivitet per prest medan Domprostiet, Arendal prosti og Skien prosti har ein no lågare aktivitet, saman med Aust- og Vest-Telemark. Det er i disse fem prostia ein har gjort reduksjonar i prestenesta dei siste to åra. Alle prostia i bispedømmet har ein høgare aktivitet pr. prest enn landsgjennomsnittet, medan talet på kyrkjemedlemmer pr prest jamt over ligg under landsgjennomsnittet.

### *Styingsparameter Rekruttering*

	Antall ledige prestestillingar	Antall nytilsatte prester eks. overgang fra annen prestestilling	Antall prester som har fratrådt før fylte 67 år eks overgang til annen prestestilling.
Domprostiet	0	1	1
Mandal	0	0	
Lister	0	1	
Otredal	0	2	
Vest-Nedenes	0	0	
Arendal	0	0	1
Aust-Nedenes	0	0	
Bamble	0	0	
Skien	0	0	
Aust-Telemark	0	0	
Vest-Telemark	0	1	
Agder og Telemark bispedømme	0	5	2

Det har i 2010 vært få tilsettingar samanlikna med tidlegare år. Tilgangen på søkarar har stor sett vært god, og det har vært vekst i talet på søkjarar pr stilling frå førre år. Søkjartalet pr stilling i 2010 låg på 6,4. For to soknepreststillingar som hadde tilsetting hausten 2010 var talet på søkjarar hhv. 10 og 13. Vi merkar det kan være vanskeleg å få kvalifiserte søkarar til enkelte stillingar ute i distrikta. Også til vikariat kan det være vanskeleg å få søkjarar.

## 2.1 Lokal presteneste

Resultatmål 2.5

*”Prestetjenesten skal være tilpasset lokale forhold og utfordringer”*

*”Styringsparametre: Tjenestefordeling, kompetanseutveksling og spesialisering”*

Tabellen på neste side viser omfanget av spesialisering i prestenesta i prostia. Tala i tabellen er høgare enn det som er oppgitt i etatsstatistikken for 2010. Det skuldast at vi har tatt med ein prest frå kvart prosti som har blitt utdanna i gudstjenestearbeide og fått eit ansvar for implementering av ny liturgi i prostia. Dei andre prestane med ei spesialisert teneste er ungdomsprestar, seniorprestane og sjukeheimsprestane, samt prestane med rådgjeving i menighetsutvikling. Prestane som leier ABV-grupper er ikkje med i tala. I tillegg til dei stillingane som framgår av tabellen kjem fengselsprestane og studentprestane.


Bispedømmet har ca eit årsverk som fengselsprest og 1,5 årsverk som studentprest. 0,5 stilling som studentprest i Kristiansand er finansiert av Universitetet i Agder og av studentsamskipnaden.

	Andel menighetsprester som er gitt spesialisert tjeneste innen prostiet
Domprostiet	3
Mandal	1
Lister	1
Otredal	1
Vest-Nedenes	1
Arendal	2
Aust-Nedenes	1
Bamble	1
Skien	4
Aust-Telemark	2
Vest-Telemark	1
Agder og Telemark bispedømme	18

Der prestegjelda tidligare besto av fleire sokn, ser det ut til at tenesteordninga har gjeve ei styrka presteteneste i de små sokna, mens svekka dei store sokna som har fått mindre presteteneste. Det er behov for gjennomgang evaluering av virkningane av tenesteordningane og i 2011 vil vi starte eit slikt arbeid.


Agder og Telemark bispedømme har store forskjellar i geografi og demografi. Noen stader har tett busetting og korte avstandar mellom kyrkjene. Andre stader er det lange avstandar og oversikta over køyrde kilometer pr prest viser noko av dette bilete.

Kjørte kilometer pr prest 2010



Statistikken over talet på gudstenester pr prest på helge- og høgtidsdagar seier òg noko om oppgåvefordelinga prestane imellom og noko om soknestructur og lokal presteteneste.

### Gudstjenester pr prest



## 2.2 Kompetanseutvikling

### Resultatmål 2.6

*”Prestene skal stimuleres til å utvikle kunnskaper, ferdigheter, holdninger og motivasjon for tjenesten”*

*Styringsparametre: Etter- og videreutdanning*

	Gjennomsnittlig antall studiedager pr prest
Domprostiet	4
Mandal	6
Lister	5
Otredal	32
Vest-Nedenes	10
Arendal	9
Aust-Nedenes	21
Bamble	10
Skien	12
Aust-Telemark	12
Vest-Telemark	10
Agder og Telemark bispedømme	131

Agder og Telemark bispedømmeråd innførte i 2009 ein ny kompetanseplan for prestane. I botnen av denne planen ligg det at prestar har både rett og plikt til å vedlikehalde sin kompetanse.(jf. TFM § 2). Kvar ein-skild prest har rett og plikt til å sette av 11 dagar kvart år til å halde basiskompetansen ved like. I tillegg alle prestar få rett til å setje av 17 dagar i året til fordjuping. Dette kallas spesialkompetanse

Ein viktig endring ved den nye kompetanseplanen, er at prostiet vert gjort til hovudarena for vedlikehald av basiskompetansen med prosten som ein naturleg leiar av dette. Også fordelinga av studiedagar og midlar er flytta frå REU til prostia, der eit kontaktmøte mellom prost og tillitsvalt avgjer dette. REU si rolle er no i fyrste rekke å leggje føringar for innhaldet i bispedømet basiskompetanse, samt å gje godkjenning til individuelle spesialiseringsprosjekt som ikkje er ein del av eit sentralt godkjent etterutdanningsprogram.

Kvar ein-skild prest har ansvar for at hovuddelen av studiedagane vert lagde slik i arbeidsplanen at det ikkje er naudsynt med vikar. Når det likevel, grunna kurs eller lengre samanhengande opplegg må skaffast vikar,

skal dette normalt skje i ramma av dei nye tenesteordningane utan bruk av vikarmidlar. I 2010 ser vi at derfor at det er brukt lite midlar til vikarar i samband med studiepermisjonar. Studiepermisjonar er ordna ved bruk av tenesteordningar og organisering av arbeidsplanar.

Ein konsekvens av den nye kompetanseplanen er at mange fleire prestar enn før tek del i ulike studieprosjekt. I tillegg til den oppdatering av basiskompetansen som skjer i prostia og som alle prestar tek del i, var det i bispedømet 45 prestar som tok del i meir omfattande ul vidare og etterutdanningsopplegg. 19 av desse var deltakarar på studieopplegg i regi av Kompetanserådet, 26 i andre opplegg. Vi ser ei auke i det totale talet på studiedager samanlikna med fjoråret.

Ein annan konsekvens av kompetanseplanen er at lengda på studiepermisjonane er kortare enn tidlegare. Det skuldast at det ikkje settes inn vikar. Ulempa med dette er at det har vært vanskelig å delta på t.d. eit 3 mnd. PKU eller modular for å fullføre ein mastergrad i praktisk teologi. REU har difor vedtatt å halde tilbake nokre midlar før dei delast ut i prostia, slik at ein kan sikre seg at nokre prestar fortsett har høve til slike lengre permisjonar med ei vikardekning.

Kompetanseplanen nemner at ein skal kunne inneha ein knutepunktfunksjon i prosti og bispedøme når ein har spesiell kompetanse på eit felt. Vi har derfor i 2010 gjort ulike tiltak som sikrar at vi både kartlegger og fylgjer opp den kompetansen som finnst blant prestane og som skaffast gjennom dei ulike studieopplegga. Det skjer mellom anna ved at prestar presenterar sine studium i lokallag og andre samanhengar. REU ber òg om prosjektbeskriving og rapportar for studieopplegg som ikkje er i Kompetanserådets regi. Slike kan ei betre sikre seg ein oversikt over den kompetansen som finnes blant prestane.

Vi ynskjer og at dei prosjekta som prestane tek del i skal reflektere bispedømet sine satsings områder og planar. Eit av desse områda er gudstenesteutvikling. Derfor initierte REU kurs for prestar og organistar i gudstenestefornyng som er skildra i kap. 2.3. Tanken er at dei prestane som har delteke på dette kurset skal kunne fungere i knutepunktfunksjonar i prostia når det gjeld innføring av ny liturgi. Eit likande opplegg er planlagd i samband med innføring av trosopplæring i kyrkjelydande.

I KIFOs rapport frå 2009 om prestar arbeidsforhold i Agder og Telemark, kjem det frem at mange prestar opplever at deira kompetanse ikkje vert etterspurt. Vi trur at å arbeide vidare med den såkalla knutepunktfunksjonen vil kunne føre til at fleire prestar blir brukte på områdar kor dei sit med kompetanse. På stiftsdagane for 2010 nytta vi hovudsakeleg av bispedømet sine eigne prestar som seminar- og foredragshaldarar. Dei la frem ulike studieprosjekt som dei hadde gjennomført, og vi fekk mange gode tilbakemeldingar på opplegget.

## 2.3 Likestilling.

### Resultatmål 2.7

*”Det skal motiveres og legges til rette for at flere kvinner søker tjeneste som menighetsprester og innehar lederstillinger i kirken.”*

*Styringsparameter: Kvinnandel*

	Kvinneandel i faste prestestillinger (%)	Kvinneandel i lederstillinger (%)
Domprostiet	25%	
Mandal	11%	
Lister	27%	100%
Otredal	14%	
Vest-Nedenes	22%	
Arendal	25%	100%
Aust-Nedenes	12,5%	
Bamble	11%	100%
Skien	20%	
Aust-Telemark	28,5%	
Vest-Telemark	11%	
Agder og Telemark bispedømme	20,3%	27,3%

Lederstillinger er definert som biskop, domprost og prost

Også i år har det vore ei auke i talet på kvinner i presteskapet i Agder. I år 2000 var berre 2,5 % av prestane kvinner. I år er prosenten kome opp i 20,3 %. Som ein kan sjå under tilsettingar var det ikkje tilsetning av kvinner i nokre stillingar i 2010. Det må då nemnast at det i 2010 var få tilsettingar i bispedømet samt at talla som vert nytta i etatstatistikken, ikkje fangar opp desember månad då det vart tilsett ei kvinne.

Talet på kvinner er fortsatt for lågt og vi arbeider aktivt med å auke delen av kvinner i presteskapet. Det viktigaste arbeidet for å fremje likestilling vart gjort i samband med tilsettingane i bispedømmerådet. Likeins vil prosjektet om livsfasepolitikk ha fokus på temaet.

#### Kjønnsfordeling og gjennomsnittslønn blant presteskapet

	Totalt		Lederstillinger		Øvrige stillinger	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle ansatte (i %)	20,3%	79,7%	27,3%	72,7%	19,7%	80,3%
Kjønnsfordeling – heltidsansatte (i %)	19,8%	80,2%	27,3%	72,7%	19,1%	80,9%
Kjønnsfordeling – deltidsansatte (i %)	25,0%	75,0%	0	0	25,0%	75,5%
Gjennomsnittslønn (i 1000 kr)	464	472	583	578	449	463

Lederstillinger er definert som biskop, domprost og prost.

Tabellen viser at vel 20% av våre fast tilsette er kvinner. Prosentdelen av deltidsansatte kvinner er noko høgare enn kvinner i full stilling.

Kvinner har litt lågare gjennomsnittsløn enn menn. Dette kjem av at gjennomsnittsalderen på kvinnene er noko lågare enn for menn samt at det er relativt sett fleire kvinner i kapellan-stillingar enn i sokneprestestillingar. Blant prostane ligg løna for kvinner om lag eit lønsteg høgare enn for menn i tilsvarende stillingar.

## 2.4 Arbeidsvilkår.

Resultatmål 2.8

*”Prestene skal ha gode arbeidsvilkår.”*

*Styringsparameter: Arbeidsmiljø Arbeidstid.*

De siste åra har vi sett ei auke i sjukefråværet. Mens det i 2008 var på 4,02 og i 2009 på 4,90 syner tala i år at sjukefråværet på 5,85, etter bispedømmekontoret sine tal. Det er vanskeleg å peike på enkeltfaktorar som fører til et høgare fråvær, men som alltid vert prosenten påverka av nokre sjukemeldingar som går over lang tid. Det skal leggjast til at talet på prestar over 60 år er stigande. Dette kan påverke sjukefråværet.

Tabellen på neste side viser sjukefråværet og ikkje brukte fridagar.

	Gj.snittlig andel sykefravær (%)	Gj.sn. antall ferie og fridager pr. prest som ikke er tatt ut i løpet av året
Domprostiet	5,47%	2,5
Mandal	1,43%	8,5
Lister	7,44%	2,0
Otredal	3,47%	4,5
Vest-Nedenes	2,19%	7,0
Arendal	4,67%	5,0
Aust-Nedenes	8,44%	7,5
Bamble	4,74%	3,0
Skien	4,85%	5,5
Aust-Telemark	12,6%	1,5
Vest-Telemark	6,63%	10,0
Agder og Telemark bispedømme	5,85%	4,9

Vi har lagt sykefraværet for perioden 01.01.10 – 31.12.10 til grunn for denne oversikten. Grunnen er at vi ikke kan ta ut tall fra SAP for rapporteringsåret 01.12.09 – 30.11.10, vi har bedt SSØ om disse men har ennå ikke mottatt tall for denne perioden. Tallene er noe høyere enn de som departementet har fått fra SAP, det kan også skyldes at rapporteringen ikke var å jour på det tidspunkt uttrekket fra SAP fant sted. (Det hender at sykemeldingen kommer svært sent til oss)

I samband med ny IA-avtale skal bispedømmekontoret et lage ein handlingsplan som blant anna skal vise korleis ei kan arbeide for nedgang i fráværet. IA-avtalen gjer det mogeleg å ha eit samarbeide med NAV om tilretteleggingstilskot for tilsette ved ulike høve. Dette har vore nytta. Ein ser samarbeide med NAV viktig og nyttar seg av deira kompetanse i mellom anna oppfølging av sjukemeldte.

Arbeidsvegleiing (ABV) er i bispedømet prioritert som eit viktig redskap for å betre prester arbeidsvilkår. Vi opererar med såkalla kontinuerlege grupper der ein etter eit år kan velje om ein vil halde frem eller slutte. På den måten blir det ledige plassar i gruppene kvart år. 62 prestar eller nesten halvparten av prestane og alle prostane er for tida med i arbeidsvegleiing. Prostane har egne ABV grupper.

Ei gruppe satt saman av representantar frå bispedømmeadministrasjonen og Agder og Telemark kirkevergelag har i 2010 laga ferdig forslag til lokale planar og prosedyrar for varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsstaden. Dessutan er det utarbeida forslag til lokale planer for varsling og handsaming av overgrepssaker mot ein tilsett eller frivillig medarbeidar. Desse er distribuert ut til alle kyrkjelydane.

I 2009 tok RAMU initiativet til å laga ei rapport om livsfasepolitikk for yngre prestar. Denne rapporten blei lagt frem våren 2010. Rapporten gav grunnlag for utarbeiding av ein prosjekt-plan for et livsfaseprosjekt i bispedømet. Dette prosjektet blei godkjent av bispedømmerådet og vil starte opp i 2011. Ein vil prøve ut ulike tiltak som kan betre yngre presters arbeids-vilkår. Opplegget vil verte prøvd ut i eit prosti over 18 månader.

Ordninga med lokale verneombod har vorte styrka dei siste åra. Det er eit verneombod i kvart prosti. Alle lokale verneombod har teke del i HMT kurs, og held regelmessige samlingar med oppdatering av informasjon.

Agder og Telemark bispedøme består av to politidistrikt som har kvar sin LRS prest knytte til seg. LRS prestane med vikarar har og årlege samlingar der ein gjennomgjeng rutinar og planar.



## 2.5 Leiing samordning og samvirke med andre kirkelig tilsatte.

Resultatmål 2.

*” Bispedømmerådet, biskopen og prostene skal sørge for god ledelse av prestetjenesten og tilrettelegge for et positivt samvirke mellom prestene, kirkens valgte organer og andre kirkelig tilsatte..”*

*Styringsparameter: Ledelse.*

	Andel av prestene som har hatt medarbeidersamtale
Domprostiet	100%
Mandal	0%
Lister	100%
Otredal	83%
Vest-Nedenes	100%
Arendal	100%
Aust-Nedenes	57%
Bamble	100%
Skien	100%
Aust-Telemark	100%
Vest-Telemark	87%
Agder og Telemark bispedømme	84 %

Tabellen viser at med eit unnatak har det prostane hatt medarbeidersamtalar med prestane. Biskopen vil for 2011 syte for at det blir heldt medarbeidersamtalar i alle prosti.

Biskopen har prostemøte med prostane 4 gonger årleg i tillegg til ei lengre samling på hausten som går over fleire dagar. Denne samlinga er satt i gang som ei oppfølging av departementet sitt utviklingsprogram for prostar. Dette året har det òg vært arbeid med arbeidsoppgåvene for prostane sine sekretærar og disse var med på delar av prostesamlinga. Det er òg eit årleg fellesmøte mellom prostar og kyrkjevevjar. Her tek ein opp felles leiartutfordringar mellom anna HMT-arbeid vernerundar og andre tema knytt til samarbeidet mellom embets- og rådslinja.

### Tunge personalsaker

Den såkalla Vallesaka prega kyrkja sitt virke i øvre Setesdal i året som gjekk. Meldingar om truslar mot soknepresten førte i fyrste omgang til brei støtte frå folk lokalt, men då presten etter kvart blei dømd for sjølv å ha sett det heile i scene, snudde holdningane til sorg og harme. Biskop, prost og personalfunksjonar har i heile perioden brukt mykje ressursar på å ta vare på både kyrkjelyd og prest. Vikarpresten som vart sett inn, har òg gjort eit godt arbeid i å byggje ny tillit mellom kyrkja lokalsamfunnet.

I tillegg har personalavdelinga vore inne i konfliktløysing på stader der det har vore vanskelege samarbeidsforhold mellom prestenesta og kyrkjestaben for øvrig.

### Biskopens aktivitetar

Biskopen hadde i 2010 visitasar i Vennesla, Seljord, Nenset/Gimsøy, Tveit, Farsund Heddal og Fjære. Vidare har biskopen ordinert 5 (4 kvinner og 1 mann) til prestenesta.

2010 var andre året på rad at 4 av fem ordinantar var kvinner. Biskopen har vore med på sju kyrkjebileum, og assistert ved vigslinga av ny biskop i Helsinki. (som preses). Ny domprost i Kristiansand vart innsett 12. september 2010. Helle sokn vart utskilt frå Sannidal sokn frå 01.01.2010 og biskopen deltok på ei markering av dette 10. januar.

Biskopen har vigsla Gautefall fjellkyrkje i juni 2010 og fyste sundag i advent var det vigsling av nytt orgel i Trefoldighetskirken i Arendal

## 3. Forvaltning


### 3.1 Økonomisk resultat

Rekneskapen for bispedømerådet er delt i tre ulike kapitel; 320 Kulturfeltet, 1590 Kyrkjeleg administrasjon og 1591 Presteskapet. Oversikta nedanfor viser resultatutviklinga for kapitla 1590 og 1591. Kapitel 320 Kulturfeltet vart etablert sommaren 2009 og vert innlemma i kap 1590 Kyrkjeleg administrasjon frå 2011. Av den grunn er rekneskapen for kulturfeltet ikkje tatt inn i den historiske oversikta.

Kapitel 1590 Kyrkjeleg administrasjon har heile perioden 2003 – 2010 hatt eit lite mindreforbruk i høve til tildelinga frå kyrkjedepartementet. For kapitel 1591 Presteskapet viser oversikten at det i starten av perioden vert nytta meir enn den årlege tildelinga. I 2004 vert det satt inn tiltak som gav innsparende effekt i påfyljande år. Disse reservane er nytta til å oppretthalde aktivitetsnivået trass reduserte tildelingar dei siste åra. I 2010 viste rekneskapen igjen eit overforbruk. Det er difor satt i verk tiltak for innsparing i tida framover.

Kapitel 320 Kulturrådgjevar viser eit netto forbruk på kr 675 000. Dette er eit mindreforbruk på kr 56 000 i høve til tildeling for året. Kapitlet vart etablert medio 2009 og år 2010 var difor første heile driftsåret for dette kapitlet. Mindreforbruket kjem mellom anna av innsparingar på reise og kontorhald, samt at det vart arrangert eit kurs som fullt ut vart finansiert ved eigenbetaling frå kursdeltakarane.

Rekneskapsresultat i mill kr (utvikling fra 2003 - 2010)



Kapitel 1590 Kyrkjeleg administrasjon, utanom tilskottspostar, viser eit netto forbruk på kr 10 982 000. Dette er eit mindreforbruk på kr 212 000 i høve til tildeling for året. Mindreforbruket kjem mellom anna av at det ved sjukdom ikkje ersatt inn full vikardekning.

Kapitel 1591 Presteskapet, syner eit netto forbruk på kr 81 397 755. Dette er eit meirforbruk på kr 505 755 i høve til tildelinga for året. Ein del av meirforbruket kjem av ekstraordinære utgifter til lønn, reise og bustad i forbindelse med vikar for prest under forfølging i rettsapparatet. Det vart elles tidleg i 2010 gjennomført ein reduksjon på 1,4 prestestillingar for å unngå meirforbruk. Det kan synast som om tiltaka ikkje har gitt full verknad på årsbasis, fyrste året.

### 3.1.1 Prosjektrekneskap

Det vert forvalta egne prosjektmidlar på til saman kr 3 210 000. For kvart prosjekt gjeld kravet om at alle utgifter skal verte dekte inn med tilsvarende inntekter. Dei prosjekta som inngår i denne posten er mellom anna LEVEL (samlevingsprosjekt) kr 695 000, SMM (samarbeid om menighet og misjon) kr 448 000, Ungdomsting/ungdomsråd kr 59 500, Roadservice (landsdekkande team for konfirmantundervisning) kr 951 500 og KonfCamp (leir for konfirmantgrupper) kr 812 000. Inntekter til prosjekta kjem av eigenbetalingar, støtte frå samarbeidspartar og innsamla midlar frå kyrkjelydane i bispedømmet.

## 3.2 Tilskottsforvaltning

Det vert forvalta egne tilskottsmidlar til kateketar, diakonar og kyrkjemusikk. Samla tilskott utgjorde kr 10 371 000 og desse løyvingane vart uavkorta fordelt i samsvar med retnings-liner gjeven av departementet.

Det vert forvalta egne tilskottsmidlar til trosopplæring. Samla tilskott utgjorde kr 13 775 000 og desse løyvingane vart uavkorta fordelt i samsvar med retningslinene som er gjeven av departementet. Det er førebels berre Aust-Nedenes, Mandal og Skien prostier som er tilgodesett med tilskott til trosopplæring.

## 3.3 Risikovurdering og innkjøp

På økonomiområdet vart risikovurdering innarbeida gjennom rutinar for detaljert budsjettering og rekneskapsrapportering. Månadleg rekneskapsrapport, avviksrapport og kommentarar vart lagt frem som sak til kvart møte i bispedømerådet. Resultatet av dette er ei styrt utvikling mot eit rekneskapsresultat i balanse.

I samband med utarbeiding av budsjett og handlingsplanar er det gjennomført risikovurdering i forhold til hovudmål og resultatmål i tildelingsbrevet. Denne årsrapporten viser at måloppnåinga er god på dei fleste områda. Som følgje av rekneskapsresultatet på prestekapitlet i 2010, har vi lagt om periodiseringa av reiseutgifter for 2011.

Ved innkjøp vert gjeldande reglar om offentlege anskaffingar nytta. Det er ikkje gjort investeringar i 2010 som førar til bokføringar i kapitalrekneskapsrapporten (dvs alle investeringar er utgiftsført som anvist i tildelinga til de ulike kapitla og/eller etter retningslinjer gitt i statens reglement for økonomistyring).


Det vart i 2010 gjennomført ein minikonkurranse for avrop/inngåing av ny bankavtale. Denne konkurranse/avropsprosess vart gjennomført etter retningslinjer/veileder frå Senter for statlig økonomistyring (SSØ), og protokoll vart utarbeida. Større anskaffingar følgjer "Reglement for økonomistyring i staten" og protokoll er utarbeida. Dette gjeld til dømes avtaler med hotell i samband med større arrangement.

Månadlege regnskapsrapport, avviksrapport i forhold til budsjett samt kommentarar vart lagt fram som sak til kvart møte i bispedømmerådet. Av dette får bispedømmerådet god kontroll og godt grunnlag ved eventuelle behov for endringar i budsjett disponeringa gjennom året.

## 3.4 Godkjenningssaker kyrkjebygg etc

Totalt sett har talet på behandla saker gått ned i 2010 jamfør 2009. Noko av dette heng saman med at det i 2009 var mange saker knytt til sikring av kyrkjer grunna dei ekstra midla som kom frå staten til dette føremålet. Men det har og vore betydeleg mindre saker knytt til kyrkjetekstilar. Diagrammet på neste side viser ei oversikt over behandla saker i 2009 og 2011.

Ein kunne mot slutten av året merke auka pågang av saker knytt til projektor og lerret. Dette ser me som eit resultat av satsinga på reforma for trosopplæring. Det er venta større auking på slike saker i 2011. Det hadde vært ønskeleg om ein kunne forenkla søknadsprosessen noko, då det ofte handlar om inngrep som i liten grad rører ved dei faste installasjonane i kyrkjene.



Arbeidet i kyrkjelydane med å gjere kyrkjene tilgjengeleg for folk med rullestol held fram, men er ofte krevjande og fører til ei saksgang over lang tid. Kyrkjer frå middelalderen gjer ofte særskilde utfordringar, når ein skal forsøkje å få til gode løysningar. Samstundes som ein må taka omsyn til vern om våre kulturminne, må det vere eit mål at alle hovudkyrkjene er tilgjengeleg for alle med universell utforming .

2010 var eit usedvanleg kaldt år. Dei gamle kyrkjuhosa er ofte dårleg isolert både i vegger og vindauge, og ein klarer ikkje i dei kaldaste periodane å halde ein forsvarleg temperatur i kyrkjene. Fyringsutgiftene blir store og det er vanskeleg å halde ein god miljøprofil.

Under vedlikehald blir det frå tid til annan avdekkta større skader på konstruksjonar i dei gamle kyrkjene. KA hadde ein større gjennomgang av el-sikring og vedlikehald i kyrkjene i 2010. Også for Agder og Telemark sin del vart det avdekkta fleire betydelege avvik. Undersøkinga avdekkta og ein del utfordringar når det gjeld vedlikehald. Ein må difor bu seg på store kostnader til å halde enkelte kyrkjene ved like i åra framover.

Dei gamle kyrkjene har ofte dårleg belysning. God belysning må ein og sjå i samanheng med den universelle utforminga av kyrkjene, då dette vil betra forholda for folk med synshem-mingar. Overgang til energipærer kan og bli ein utfordring i forhold til å passe dette saman med gamle armaturar.

Det blei gjennomført 8 synfaringar av kyrkjebygg og kyrkegardar i samband med visitasar i 2010. Talet på synfaringar i samband med enkeltsaker var 17.

Tross færre handsama saker etter kyrkjeloven §18 i 2010, merker ein stigande interesse for kyrkjetekstilar. Fleire kyrkjer får messehaklar, antipendier, preikestolkede etc i alle liturgiske fargar.

### Kyrkjegardane

I samband med at Kirkegårds konsulenten hausten 2010 gjekk av på pensjon, oppstod det uvisse rundt den vidare prosessen for å oppretthalde ein slik bistand. Bispedømmekontora er avhengig av å kunne konsultere ekspertise innanfor landskapsarkitektur ved etablering og endringar av kyrkjegardar. I tillegg har Kirkegårds konsulenten vært nytta til rådgjeving opp mot regleverket. Vi er derfor glade for at engasjementet for nærverande kirkegårds konsulent er forlenga i påvente av ei løysning for korleis denne funksjonen skal føras vidare.

Talet på saker handsama etter gravferdslova § 4 og 21 er stabilt samanlikna med 2009.

Agder og Telemark har i 2010 hatt fleire saker knytt til utviding og nyetablering av kyrkjegardar.